

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 156/2002

av 6. desember 2002

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 114/2002 av 27. september 2002⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2000/714/EF av 7. november 2000 om endring av vedtak 97/778/EF og om ajourføring av lista over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 97/778/EF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32000 D 0714:** Kommisjonsvedtak 2000/714/EF av 7. november 2000 (TEF L 290 av 17.11.2000, s. 38).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2000/714/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEF L 336 av 12.12.2002, s. 5, og EØS-tillegget til TEF nr. 61 av 12.12.2002, s. 4.

⁽²⁾ TEF L 290 av 17.11.2000, s. 38.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. desember 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 6. desember 2002.

*For EØS-komiteen
Formann*

Kjartan Jóhannsson

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.